

H.M. Dronninga besøker UWC Røde Kors Nordisk

H.M. Dronning Sonja er UWC Røde Kors Nordisk sin høge beskytter. I anledning UWC dagen 21.september 2023 vil Dronning Sonja besøke UWC Røde Kors Nordisk i Fjaler torsdag 21.09 og fredag 22.09. Dronninga vil delta på ulike arrangement på skulen saman med elevar og gjestar.

UWC Røde Kors Nordisk vart grunnlagt i 1995 og er ein internasjonal vidaregåande skule med 200 elevar frå kring 90 nasjonar. I rekrutteringa av elevar er vi bevisst på å skape ei så samansett gruppe som mogleg, og å legge til rette for å kome saman på tvers av skillelinjer. UWC RKN har eit overordna mål om å bruke utdanning til å fremje fred og berekraftig utvikling.

Vi har tre grunnpilarar i vårt arbeid på UWC Røde Kors Nordis:

- Berekraftig utvikling
- Humanitært arbeid
- Nordisk samarbeid

For meir informasjon om programmet og presseakkreditering bes pressa ta kontakt med Statsforvalteren i Vestland ved seniorrådgjevar Edvard Høgestøl,

Epost: edvard.hogestol@statsforvalteren.no

Telefonnummer: 913 83 573

Pressekontakt ved Det kongelige hoff: Liv Anette Luane.

Epost: presse@slottet.no

Telefonnummer: 918 26 056